



Strategi 2026-2033

INNHALD

Side 2:

INNLEIING

FUSA SOKN I FUSA-SAMFUNNET

FØREMÅL

BIBELSK GRUNNLAG

Side 3 og 4:

MÅL

Side 5 og 6:

PRIORITERINGAR - SATSINGAR



INNLEIING

Startskotet for Fusa sokn sitt strategiarbeid gjekk under årsmøtet 2025 med idé-myldring kring Fusa sokn i framtida. Prosessen har så gått vidare gjennom grupper av frivillige, stab og sokneråd som har bidrege med sortering, innsnevring og utheving av alle idéane.

Dette dokumentet er Fusa sokn sitt strategidokument for perioden 2026-2033 og skal staka ut kursen for arbeidet.

Fusa sokn er fellesskapet av kristne i Fusa, og Jesu ord om etterfølging og forkynning av evangeliet til liten og stor i heile soknet gjeld som grunnlag for arbeidet vårt. Strategien vår er samordna kring sju mål med bibelsk grunnlag og vert konkretisert med prioriteringar innan seks satsingsområde.

FUSA SOKN I FUSA-SAMFUNNET

Kyrkjelyden har samlingsstader i heile soknet, og fem slike er våre eigne kyrkjebygg. Kyrkjene tener soknet godt til gudstenester og kyrkjelege handlingar, er plasserte i mange bygder og samlar mange menneske.

Pr. 2025 er om lag 85% av innbyggjarane i Fusa-bygdene medlemmer i DNK/Fusa sokn, 90% av desse vel konfirmasjon og 75% vel dåp. Tilknytning og tradisjon er framleis difor høvesvis sterk, men synkande.

Kyrkja blir framleis rekna méd og blir sett på som ein viktig aktør, både som samfunnsbyggjar og kulturbærar i Fusa-bygdene. Kontakten og samhandlinga mellom kyrkja og institusjonar som skular, barnehagar og sjuke/eldreheim er bra og ynskjeleg frå alle partar.

FØREMÅL

Føremålet for Den norske kyrkja er å vera ei evangelisk-luthersk folkekyrkje som forkynner evangeliet om frelse i Jesus Kristus gjennom gudstenester, undervisning, misjon og diakonalt arbeid.

BIBELSK GRUNNLAG

Dei sju måla for strategien byggjer på Jesu ord om at vi skal vera vitne for han (Apg. 1,8):

Som Jesu læresveinar er me kalla til å vera **vitne for alle menneske** som ikkje har teke imot ordet enno (Mark. 16,15). Jesus seier om seg sjølv at han er Vegen, Sanninga og Livet (Joh. 14,6).

Som Guds folk er me kalla til å vidareformidla **evangeliet til barn og unge** (5. Mos. 6,6-9). I det nye testamentet høyrer me om korleis Jesus tek imot barna og opnar Guds rike for dei (Mark. 10,13-16).

Kyrkjelyden blir utrusta av Gud gjennom nådegåver (Ef. 4,11-13). Desse gåvene skal brukast til å **tena kvarandre** til Guds ære. (Kol. 3,16-17)

I Bibelen finn me mange oppfordringar til **elska nesten vår**, enten nesten vår er lik oss sjølve i oppseding og kultur eller ikkje. Gud viser oss særleg å ha omsut for sårbare menneske (Salme 146, 6-10; Salme 147, 3+6), og gjennom både forkynning og gode gjerningar formidla kjærleiken frå Gud. (1. Joh. 4,11-12; 1. Joh. 3.18)

Jesus kalla læresveinane til å følgja han, **gjera læresveinar** og læra vidare det Jesus lærte dei. (Matt. 28,18-20)

Evangeliet er det same for alle, men måten det vert formidla på kan variera ut frå omgjevnadane.

I apostelgjerningane er det mange døme på **nyskapande formidling** (Apg. 4,20; 8,4-25; 17,16-34) alt etter kultur og tilhøyrarar.

Me er skapt av Gud og har fått **forvaltaransvar** for heile skaparverket (1.Mos. 1,28); alt i naturen rundt oss og alle menneska rundt oss.

Strategi 2026-2033



DEN NORSKE KYRKJA
Fusa sokn

MÅL



1. Vitne for alle menneske

Fusa sokn ynskjer å forkynna evangeliet til frelse for alle i Fusa-bygdene.

Korleis:

- Utrusta kvarandre til å vera kvardagsvitne.
- Bruka ressursane slik at undervisning og utrusting blir prioritert.
- Vera synleg og aktiv i Fusa-samfunnet.



2. Evangeliet til barn og unge

Fusa sokn ynskjer at alle barn og unge skal ha anledning til å høyra om og ta imot Jesus.

Korleis:

- Arbeid for barn og unge skal prioriterast i soknet, gjerne gjennom familearbeid.
- Oppmuntra til frivillig engasjement i barne- og ungdomsarbeidet.
- Leggja til rette for eit allsidig barne- og ungdomsarbeid.
- Sikra at barn og unge har trygge og gode arenaer for å uttrykke tru.
- Leggja til rette for og oppmuntra til truslytmar i heimen.
- Tilpassa tiltaka til målgruppe, geografi, kyrkjeår og andre ytre faktorar for best mogleg effekt.



3. Tena kvarandre

Fusa sokn ynskjer å byggja sterke, inkluderande og varme fellesskap.

Korleis:

- Bøn, ordet og sakramenta skal vera hovudsak i våre fellesskap.
- Gudstenesta er pulsslaget i kyrkjelyden.
- Soknet skal ha tilbod om små og større relevante møtepunkt for alle generasjonar.
- Leggja til rette for at menneske kan tena kvarandre og fellesskapet kvar med sine nådegåver.
- Leggja til rette for at relasjonar mellom menneske i forskjellige generasjonar og livssituasjonar kan byggjast.
- Vera open og inkluderande ovanfor nye menneske i soknet.



4. Elska nesten vår

Fusa sokn ynskjer å visa diakonal omsut og nestekjærleik i alt me gjer og forkynner.

Korleis:

- Bli kjend med, be for og visa omsut for menneska rundt oss.
- Inkludera alle i forsamlinga vår.
- Tena lokalsamfunnet med praktisk arbeid og hjelpetenester.
- Ha tiltak for marginaliserte, einsame og fattige.
- Forkynninga av evangeliet skal bera preg av nestekjærleik og omsut for dei mest sårbare mellom oss.



5. Gjera læresveinar

Fusa sokn ynskjer å leggje til rette for at menneske blir utrusta til å følgja Jesus.

Korleis:

- Gje livsnær bibelundervisning og teologisk opplæring for alle generasjonar og målgrupper.
- Utrusta kvarandre til å dela evangeliet med våre medmenneske.
- Utvikla planar og ressursar for undervisning og leiartrening i kyrkjelyd og heim.



6. Nyskapande formidling

Fusa sokn vil søkja å formidla evangeliet på måtar som kommuniserer med menneske i dag, samstundes som me i tillegg tek vare på vår nedarva kyrkjeleg tradisjon.

Korleis:

- Forkynna evangeliet på ein relevant måte ved å bruka kunnskap om målgruppa og samfunnstrendar.
- Ta i bruk nye arenaer for kristen formidling og bruka eksisterande arenaer på nye måtar.
- Bruka teknologi og uttrykksformer som treff den målgruppa ein formidlar til.



7. Forvaltaransvar

Fusa sokn ynskjer å visa omsut for heile mennesket og heile skaparverket.

Korleis:

- Vera tydeleg på vern av menneske frå livet byrjar til livet endar.
- Leggja til rette for menneske med ulike behov i alle fellesskapa våre.
- Formidla og halda høgt måtehald og nøysemd som gode verdiar.
- Formidla og halda høgt omsut for skaparverket både lokalt og globalt.
- Skapa engasjement og forplikting for gjevarteneste og forvaltning.



PRIORITERINGAR-SATSINGAR

A. Gudsteneste- struktur, form, innhald

1. Fornying av salmar, gudstenesteform og innhald skal være i ein dynamisk prosess ut frå tidspunktet i kyrkjeåret, kyrkje og kven som sannsynlegvis kjem på dei aktuelle gudstenestene, og utarbeidast i samarbeid mellom organist og prest og evt. frivillige sine innspel. Eit døme på dette er når det er mange barn knytt til dåpsfølge, så kan ei ordinær høgmesse endrast til ei familiegudsteneste med forenkla nattverd.
2. Soknerådet opprettar eit gudsteneste/musikk utval. Utvalet skal arbeida med salmeval og forslag til nye salmar/songar til fornying av gudstenestene i ramma av dei forordna gudstenestene som ligg føre.
3. Soknet legg til rette for bruk av lokale musikkrefter i gudstenestene.
4. Soknet viderefører kveldsarrangement på bedehuset i vekedagar (onsdagar) og gir rom for kveldssang og andre typar kveldssamlingar/kveldsmesser der.



B. Eldrearbeid

1. Bøn: Oppretthalda bønensamlingar i bygdene annakvar veke.
2. Tiltak: Tilby arrangement som er meint for besteforeldre saman med barnebarn.
3. Institusjon: Halda fram med andaktar på institusjonar, gjerne også gudstenester i høgtider.
4. Formiddagstreff: Oppstart av formiddagstreff på Eikelandsosen bedehus, med mat, prat, andakt, foredrag, aktivitetar, musikk, o.l.



C. Undervisningsarbeid

1. Bibelundervisning: Kveldstid med eigne eller eksterne undervisarar.
2. Alpha: Gjennomføra kurs med jamne mellomrom, gjerne kombinasjon av Alpha og Ungdomsalfa, evt. Senioralpha.
3. Bibel-Bøn- og Lovsongskveld: Samling med fokus på bøn, lovsong og fellesskap.

*Desse tre satsingane treng ikkje alltid gjennomførast i same semester.
T.d. treng ein ikkje ha bibelundervisningskveldar når ein har alphakurs.*



D. Barnearbeid

1. Tiltaka som er godt innarbeidde i plan og praksis, bør halda fram som før.
2. Fjord'n barnekor er særskilt viktig for relasjonsbygging i kyrkjelyden.
3. Tweensklubben og gutteklubben Noah er trygge arenaer for barn/unge. Her må me støtta og oppmuntra til vidare deltaking og medverknad av frivillige medarbeidarar.
4. Misjonsprosjekt: Soknet opprettar eige misjonsprosjekt for barn og implementerer dette i eksisterande barne- og familiearbeid.
5. Leir for barn og unge i Sætervika: Leir er viktig for trua. Vi ønskjer å drive med aktiv PR og økonomisk støtte i leirarbeidet.



E. Ungdomsarbeid

1. Konfirmantar: Forbøn for konfirmantar ved namneliste.
2. Tweensklubben: Samlingar på bedehuset ca. 2 gongar i mnd.
3. Konfirmantarbeid og postkonf: Dette er tiltak som er særskilt viktig i ungdomsarbeidet. Fusa sokn må vidareutvikla arbeidet for denne aldersgruppa.
6. Fusa sokn vil aktivt samarbeida med, nytte og økonomisk støtte eksisterande ungdomstilbod som t.d. Ung:Disippel, Impuls, Minileiarkurs og ungdomsleirar.



F. Familiearbeid

1. Kyrkjelydsweekend: Annakvart år i Sætervika.
2. Minglemiddag: Uformell samling med vekt på relasjonar og sosialt samvær.
3. Felles for alle tiltaka innan barn og unge: Invitera med besteforeldre og fadrar i arbeidet.
4. Familiemix: Fusa sokn vil vidare satsa på gudstenestesamlingar på tvers av generasjonar og bygdegrensar. Om lag 8 samlingar i året.

